



LINDÅS KOMMUNE  
Kvernhusmyrane 41  
5914 ISDALSTØ

Dato: 17.06.2019  
Vår ref.: 2019/833-30  
Saksbehandlar: terhaug  
Dykkar ref.:

Halfdan Maritn Wiik

## Tilskot integreringsprosjektet Rom for møte 2019-2020. Underretning om tildeling.

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot til Rom for møte 2019-2020

Hordaland fylkeskommune, Utval for kultur, idrett og regional utvikling, har i møte 25.04.19, politisk sak 64/19 vedteke å tildele dykk 28500 kr i tilskot.

### Grunngjeving:

Det kom inn 15 søknader, og 14 har fått støtte. I vurderinga er det tatt omsyn til om tiltaket er i tråd med føremålet med ordninga, heilskap knytt til aktivitet, samarbeidspartnerar og budsjett. Ut frå erfaringar frå Rom for møte 2017-2018 om bruken av midlar, og eit ønskje om å støtte flest mulige prosjekt, har fleire av søknadsbudsjetta blitt nedjustert.

Fylkesrådmannen si innstilling vart vedteke, sjå politisk sak: 64/19

Vedlegg med individuell grunngjeving:

Vedlegg Politisk Sak KIRU 64/19.

### Vilkår for tilskotet - Oppfølging, rapportering og kontroll

- Tilsegnsmottakar skal rapportere og sende inn rekneskap innan 3 månader etter at tiltaket er gjennomført.
- Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setja i verk kontroll med at midlar vert forvalta som føresett. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkravd for sin kontroll.
- Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale mv. skal tilknyttinga til Rom for møte og samarbeidspartnerar gjerast tydeleg, som Hordaland fylkeskommune, Det felles Innvanderråd i Hordaland (DFIRH) og GjensidigeStiftelsen.
- Om ein har opne, publikumsretta arrangement er det ein føresetnad at tilskotsmottakar aksepterer og nyttar ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal då ha rett til gratis billett til sitt følgje.
- Tiltaket skal gjennomførast på den måten og i det tidsrom som går fram av søknaden. Eventuelle vesentlege endringar i prosjektet må meldast skriftleg til sakshandsamar for vurdering og godkjenning. Dersom prosjektet vert avlyst, utsett eller vesentleg endra, kan heile eller deler av tilskotet krevjast betalt attende.

**Utbetaling**

Utbetaling av tilskot skjer i hovudsak gjennom elektronisk faktura i EHF-format.

Elektronisk fakturaadresse: **9908:938626367**

Aksesspunkt: Visma

Saksnummer: 2019/833

Ressursnummer: 10169

Beløpet vil bli utbetalt når Hordaland fylkeskommune har mottatt og handsama EHF-faktura med korrekt merking med saksnummer og ressursnummer.

Dersom de ikkje har høve til å sende elektronisk faktura i EHF-format, kan de sende e-post til [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no) der de stadfester at prosjektet går som skissert i søknaden, og at de aksepterer tilskotet med dei føringane som ligg føre. Merk e-posten med saksnummer 2019/833. Det kan då ordnast med alternativ utbetaling.

De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt, og eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

**Rapportering/rekneskap**

Rapporten skal sendast til [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no) **merka med saksnummer 2019/833** innan 3 månader etter at tiltaket er gjennomført. Rapporten skal gje ein kortfatta skildring av:

- Når og kor tiltaket vart gjennomført og korleis dette vart gjort.
- Eventuelle avvik frå vilkåra med nærare grunngjeving.
- Eventuelle avvik frå søknadsgrunnlag (planar/budsjett) med grunngjeving

Dersom rapport/rekneskap i samsvar med krava ikkje vert levert innan fristen, vil det vere eit brot på vilkåra for tildelinga.

**Klage/partsinnsyn**

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no) merka *Klage – 2019/833*. Klage må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrettf

Ruth Ørnholt  
fylkesbiblioteksjef

Sakshandsamarar: Terje Haugsgjerd

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

